

Intensjonsavtale mellom Vestland fylkeskommune og Frivillighet Norge

Innleiing

Frivilligheita i Norge er open for alle og ein hjørnestein i demokratiet og velferdssamfunnet. Frivillig sektor har eit mangfald av aktivitetar, stor utbreiing og låge tersklar for deltaking. Frivillige organisasjonar bidrar med meirverdiar som blir skapt utover sjølve aktiviteten i eit lag eller ei foreining. Deltaking gir auka trivsel, kompetanse, meistringsskjensle, sosial og kulturell kapital og kunnskap. I frivilligheita blir det skapt identitet og tilhøyrse. Her samlar folk seg om saker dei engasjerer seg i, som born sin kvardag, lokalmiljø, helse, miljø, kultur og idrett og mykje meir. Foreiningslivet er limet i lokalmiljøa og bidrar til å skape og halde oppe ei høg grad av tillit i samfunnet.

I kultursektoren er eit mangfald av kulturtilbod og låg terskel for engasjement i kulturlivet ein nøkkel for eit inkluderande samfunn med brei deltaking i befolkninga. I folkehelsearbeidet er formålet å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar helse og livskvalitet og jamnar ut sosiale helseforskjellar. Mange av virkemidla for å nå dette ligg i fylkeskommunen og i kommunane. Frivillighet Norge og Vestland fylkeskommune ønskjer å bidra til å styrke fylkeskommunen og kommunane sitt samarbeid med dei frivillige organisasjonane for å styrke lag og foreiningar sine meirverdiar og på den måten forsterke og fremje brei deltaking i befolkninga og ei helsevenleg samfunnsutvikling.

1. Intensjon

Intensjonsavtalen mellom Vestland fylkeskommune og Frivillighet Norge skal bidra til eit tettare samarbeid mellom partane. Den har følgjande mål:

- Bidra til at fylkeskommunen utviklar ei heilskapleg tilnærming til frivillig sektor gjennom ein frivilligheitspolitikk.
- Stimulere til samarbeid mellom fylkeskommunen og Frivillighet Norge for å styrke breidda av frivilligheita i fylkeskommunen og i kommunane.
- Bidra til at kommunar i Vestland utviklar ein frivilligheitspolitikk i dialog med frivillig sektor lokalt.

- Stimulere til eit mangfald av inkluderande organisasjonar og meir aktivitet i frivillige organisasjonar regionalt og lokalt.
- Gjere frivillige organisasjonar og kommunane medvitne om at deltaking i organisasjonslivet har viktige meirverdiar.
- Stimulere til auka samarbeid mellom organisasjonane, og mellom fylkeskommune, kommune og frivillig sektor.
- Bidra til at Frivilligheitas år 2022 blir sett på dagsorden i Vestland.
- Bidra til at frivillig.no og ungfritid.no blir gjort kjent som nasjonale verktøy for å førebygge einsemd og auke den frivillige deltakinga i alle delar av befolkninga.

2. Avtalepartane

Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune har som mål at frivillige lag og organisasjonar skal skape mangfald og engasjement i lokalsamfunna i Vestland. Gjennom samarbeid, nettverk, planlegging og økonomiske virkemidlar, vil fylkeskommunen vere ein aktiv medspelar og leggje til rette for kunnskapsdeling og møteplassar for frivilligheita på regionalt og lokalt nivå.

Vestland fylkeskommune ønskjer å bidra til ein aktiv frivillig sektor lokalt og regionalt, der den enkelte si deltaking i ulike sosiale fellesskap er med på å gje tilhøyrsløse, identitet og god folkehelse.

Frivillighet Norge

Frivillighet Norge er samarbeidsforumet for frivillige organisasjonar i Norge. Frivillighet Norge skal aktivt fremje frivilligheita og dei frivillige organisasjonane sine interesser i samfunnet.

Frivillighet Norge skal arbeide for større rom for frivilligheita gjennom å

- vere ein kompetansebase på frivilligheit og i saker som gjeld frivillig sektor lokalt, regionalt og nasjonalt
- styrke kunnskapen om frivilligheit og drift av frivillig verksemd
- heve medvitet om frivilligheita og dei frivillige organisasjonane si rolle i samfunnet, og fremje dialog mellom frivillig, offentleg og privat sektor.

- følgje med i endringar i frivillig sektor. Stimulere til debatt om utfordringane frivilligheita står framfor

Frivillighet Norge skal stimulere til auka frivillig innsats til beste for den enkelte og samfunnet, og bidra til å vidareutvikle breidda i det frivillige arbeidet i Norge.

3. Partane si sjølvstende

Partane respekterer kvarandre sin eigenart, ulike roller og funksjonar i demokratiet og velferdssamfunnet. Partane er samde om at frivilligheita sitt bidrag først og fremst skjer gjennom å tilby eit mangfald av aktivitetar i tråd med organisasjonane sine egne prioriteringar og formål.

Partane heftar ikkje på noko tidspunkt for den andre sine handlingar, og skal gjennom heile samarbeidet ta vare på integriteten, sjølvstendet og eigenarten sin.

4. Partane si oppfølging

- Begge partar skal bidra med kompetansen sin der dette er naturleg og skal halde kvarandre informert om aktuelle arrangement som kan vere interessante for samarbeidsrelasjonen.
- Samarbeidet kan ta utgangspunkt i notat datert 19. juni 2020: *Samarbeid mellom Vestland fylkeskommune og Frivillighet Norge om kompetanse på frivillighet og samhandling med frivillig sektor.*

Partane gjennomfører skypemøte to gonger i året for å gå gjennom avtalen og samarbeidet.

5. Økonomi

Intensjonsavtalen i seg sjølv inneber ingen økonomiske plikter for partane.

Konkrete tiltak i samarbeidet skal frå Frivillighet Norge si side finansierast som skildra i notatet av 19. juni 2020.

Frå fylkeskommunen si side vil ein diskutere det økonomiske bidraget ved kvart enkelt tiltak.

6. Bruk av logo

Bruk av Vestland fylkeskommune sin logo skal berre skje etter føregåande godkjenning.

Bruk av Frivillighet Norge sin logo, eller andre av organisasjonen sine kjenneteikn, skal berre skje etter føregåande godkjenning.

7. Opphøyr av intensjonsavtalen

Denne intensjonsavtalen kan bli sagt opp skriftleg med 3 månaders varsel av begge partar og varer i 2 år. Avtalen kan bli reforhandla dersom begge partar er samde om dette.

8. Oppfølging av avtalen

Denne intensjonsavtalen gjeld for perioden haust 2020 til haust 2022.

9. Kontakt

Kontakt som gjeld intensjonsavtalen blir retta til følgande kontaktpersonar:

For Vestland fylkeskommune: Åge Avedal, seniorrådgjevar på tlf.nr.: 970 72 734

For Frivillighet Norge: Bjørn Lindstad, politisk seniorrådgjevar på tlf.nr.: 909 79 955

10. Signaturar

Denne avtalen er utarbeidd i 2 – to - eksemplar, der partane tar vare på kvart sitt eksemplar.

...../Oslo 00.00.2020

Vestland fylkeskommune

.....

.....

Frivillighet Norge

Stian Slotterøy Johnsen

Generalsekretær